

Referat møte nr 01/16

Styringsgruppa for Førdepakken

Møtedato: 8. mars 2016 kl 13:30-14:45

Stad: Video

Møteleiar: Svenn Finden

Referent: Eli M. Næss

Til stades: Tore Eriksen (TE), Ole John Østenstad (OJØ), Svenn Finden (SF), Arve Seger (AS), Ingar Hals (IH), Oddvar Flæte (OJF), Eli M. Næss (EMN),

Forfall:

Kopi til:

Sakshandsamar/innvalnsnr:

Eli Marita Vik Næss - 95191805

Vår dato: 9.3.2016

Vår referanse:

Sak nr		Ansvar / frist
1/16	<p><u>Referat frå siste møte</u></p> <p>TE viste til sak 20/15 i referatet der det står m.a.:<i>Fleire prosjekt ser ut til å kunne bli dyrare enn det som er lagt til grunn i bompengesøknaden. Dette vil få konsekvensar for kor mange tiltak i pakken som kan bli gjennomført. 10 % overskriding medfører at tiltak 20 og delar av tiltak 19 går ut.....</i>, og stilte spørsmål til om ikkje det er mogeleg å auke bompengetakstane, eller forlenge tida for bompengeinnkrevjing dersom tiltaka vert dyrare enn planlagt. OF orienterer på neste styringsgruppemøte om kva reglar som ligg til grunn i Stortingsmeldinga og i Bompengeavtalen.</p> <p>TE viste til punktet Regionalt bomselskap under Ymse, der det står bl.a.: <i>Førdepakken bomselskap AS ønskjer overgang til regionalt selskap så raskt som råd. Slik tidsplanen er må dei uansett ta seg av den anbudsprosessen som må til før innkrevjinga startar</i>, og stilte spørsmål til kva anbudsprosess det er vist til. OF orienterte om at det uansett vil ta tid før det regionale bompengeselskapet er operativt, derfor må bompengeselskapet sørge for å få på plass nokon som kan vere operatør til det regionale selskapet er på plass. Vi bør ikkje binde oss opp til ein lang kontraksperiode.</p> <p>Godkjent.</p> <p><u>Gjennomgang av oppfølgjingsaker</u> Ingen merknader</p>	



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

Gjennomgang av statusrapport for mars

IH orienterte.

Tiltak 0 Bomstasjonar – Reknar med at stasjonane er på plass i september og at bompengerekkjeringa kan starte i oktober. Ei eventuell flytting av bomstasjonen på Bruland er ikkje avklart.

Tiltak 1 Angedalsvegen-Hafstadvegen – Det må vurderast andre tekniske løysingar og brutypar. Bru i elva ligg innafor reguleringsplanen. Viss utfylling i elva på vestsida, så er dette utanfor reguleringsplan. Detaljplanen skal godkjennast av NVE.

Tiltak 2 Fv. 484 Vievegen – Nytt kostnadsoverslag i neste veke.

Tiltak 6/7 E39/fv. 609 Askvollkrysset – Steinavegen – Siste linje i 1. avsnitt skal stå «venstre» del, og ikkje «austre». Det er gjennomført TS-revisjon av planen. Dødsulukka som skjedde påverkar ikkje løysing og plan.

Planarbeid elles/vidare arbeid

Ganske stor diskusjon lokalt rundt reduksjon i parkeringsplassar. Viktig å halde fokus. Det vil nok bli ein del utfordringar undervegs; konflikt sykkel/gående/køyrande. Førdepakken er der for at framkost for bilane og skal bli betre. Det er viktig å ta med oss i kommunikasjonen utad.

Bemanning

Ingen merknader.

Økonomi

Må ta omsyn til at det kjem midlar frå staten i den reviderte rekvireringsplanen.

HMS

Ingen merknader.

Oppsummering

Det må lagst ein realistisk tiltaksplan på bakgrunn av kostnadsoverskridingar. Vi må ha gjennomført nokre utlysingar, og ha på plass fleire reguleringsplanar før ein kan ha ein god samla oversikt over dette. Det er viktig å få fram ein slik oversikt så tidleg som mogleg. Om det blir avdekkja store kostnadsoverskridingar for enkelttiltak før ein har ein samla oversikt vil dette bli lagt fram til handsaming i styringsgruppa.

OJF vil presisere reglane som ligg til grunn i Stortingsproposjonen og i Bompengeaftalen på neste styringsgruppemøte.

OJF/ Neste møte



3/16

Ymse

Status bompengeselskapet – OJF orienterte

AutoPASS-brikker er bestilt. Klar til å takast i bruk frå juni månad. Sendt utkast til takstar og 20% rabatt til godkjenning. Førebur kravspesifikasjonen vedrørende utlysning av driftsdelen. To som konkurrerar.

Det er drøftingar med dei andre fylkeskommunenane vedrørende regionalt bompengeselskap. Viktig at styret får ein god sammensetning.

Neste møte

24.juni kl 0900-1100, Videomøte.



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

Oppfølgingssaker styringsgruppe Førdepakken

Sak.nr	Omtale	Ansvarleg	Frist
1/16	Håndtere kostnadsoverskridingar av enkeltprosjekt OJF vil presisere reglane som ligg til grunn i Stortingsproposisjonen og i Bompengavtalen.	OJF	Neste møte



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen